



Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2309 - 16/26482

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

28.09.2016

Oversending av søknad om dispensasjon til uttale - gbnr 59/12 Bergfjord

Saka gjeld søknad om riving av delar av eksisterande fritidsbustad samt tilbygg/utviding av fritidsbustaden på eigedom gbnr. 59/12. Det er i søknad opplyst at fritidsbustaden etter gjennomført tiltak vil ha eit bruksareal (BRA) på om lag 94,9 m². Det er søkt om dispensasjon frå plankrav i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 (KPA) då reguleringsplan manglar talfesta grad av utnytting, samt frå plan- og bygningslova § 1-8 byggeforbodet lans sjø. Fritidsbustaden med takutstikk vil etter gjennomført tiltak komme nærare sjølina enn plassering av dagens fritidsbustad.

Søknaden omhandlar berre riving/tilbygg/utviding av eksisterande fritidsbustad andre tiltak synt på situasjonsplan vert ikkje handsama.

Det er komt nabomerknad til varsla tilbygg/utviding av fritidsbustaden, nabo er positiv til tiltak på fritidsbustaden, men ikkje til etablert kai/brygge. samt naust på eigedomen – tiltak som ikkje er omfatta av søknaden.

Planstatus

Eigedomen er omfatta av reguleringsplan Bergfjord campingplass. Del av gnr. 59 bnr. 2/planid.: 1263-22062000, arealet er avsett til eksisterande privat hyttetomt som inngår i planen, omriss av bygning er synt på plankartet, planen oppfyller soleis minstekrav til gyldighet jf. planjuss 01/2012.

Slik vi forstår søknad om dispensasjon vert det søkt om dispensasjon frå plankravet i KPA samt frå plan- og bygningslova §1-8 då fritidsbustaden etter gjennomført tiltak kjem utanfor synt bygningsplassering på gjeldande plankart. Tiltaket krev dispensasjon frå bygningsplassering utanfor synt plassering på plankart samt frå pbl § 1-8 byggeforbodet langs sjø.

VURDERING

Dispensasjon

Kommunen si vurdering av søknaden vil i stor grad avhenge av dykkar uttale i saka. Vi gjer likevel merksam på at utnytting av eigedomen er innanfor det som er avsett i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 § 2.14 for fritidsbustadar. Saka vert sendt på høyring då fritidsbustaden etter gjennomført tiltaket kjem nærare sjø enn det som er dagens situasjon.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



Andre tilhøve

Det er i søknad opplyst at det ligg føre avtale med Bergfjord camping om leie av tikomstvei samt parkeringsplass og tiltag til drikkevann/toalett/dusj i servicebygg.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Alle dokument i saka ligg tilgjengeleg på følgjande lenke:

http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2016002309&

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak i eitt-trinn - gbnr 59/12 Bergfjord

Søknad om løyve til tiltak på 59/12 Bergfjord

Hytte Festevegen_Fasade Nordvest_søknadstegninger

Hytte Festevegen_Fasade SV&NØ_søknadstegninger

Hytte Festevegen_Fasade Sørøst_søknadstegninger

Hytte Festevegen_plan_søknadstegninger

Hytte Festevegen_situasjonsplan2_søknadstegninger

Hytte Festevegen_snitt_søknadstegninger

vedlegg situasjonsplan

Kartutsnitt gbnr 59_12 KPA

Kartutsnitt gbnr 59_12 plankart

Kopi til:

Frank Kjelsvik	Breivikstølen 23B	5179	GODVIK
----------------	-------------------	------	--------

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
--------------------------	---------------	------	--------

Planavdelinga			
---------------	--	--	--

Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM
--------------	--------------	------	------